

Møtereferat

Styremøte NSK avdeling Rogaland.

Tysdag 6. desember, på gamlaværket, Sandnes.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Møteleiar: Eva Bjelland.

Referent: Ketil Simonsen.

Deltakarar: Eva Bjelland, Anita Midthun, Lisbett Austrått, Ketil Simonsen, Hans Hodne, og Charlotte Isabel Hystad. Kopi av referat til Siw Gjesdal.

Referat frå forrige møte lest opp, og godkjent. Kommenterar til saker frå forrige møte: -Søka om pengar frå NKK vert ikkje i år. Me må prøva å få det til i løpet av neste år, innan november.

Utstilling 2018 er søkt om. Det vert neste år ein jaktprøve i Ølen, og ein dobbel her.

Sak ein: Økonomi. Ikkje noko nytt om klubbens økonomi frå kasserar. Me går einstemmig inn for det nye rekneskapsystemet, som kasserar Lisbett nå har prøvd ut nokre veker. Lisbett lærer seg det skikkeleg, og lærer opp ny kasserar når denne er på plass.

Sak to: Agility. Me har ingen plass å vera nå. Utstyr er lagra hjå Rita og Ketil. Det undersøkes over alt etter ein stad å vera, Rita styrer, men alle må oppfordrast til å vera med på leiting.

Sak tre: Årshjul 2017. Aktivitetar i 2017, vert i stor grad basert på aktivitetane me har hatt i 2016, foreløpig har me sett desse aktivitetane, med forbehold om endringar, og tilføyningar etter kvart:- Gå fint i bånd/ lydigheitskurs. Instruktør Ketil vil finna seg eit egna kurs å gå på sjølv, og så halda eit kurs for spanielklubben. -Ønske om jaktanleggsprøve kurs, og det vert det og, i juni. Teoretisk og praktisk. -agilityen er lagt på is, til me finn ny stad å vera. Ynskjer samlingar kvar veke så snart det er på plass. -Temakveld på Tu dyreklinikk, om hundens anatomi? Vatnappport treningar startar opp i april. -Jakttreningar på Haugalandet går sin gang. -Det legges opp til utstillingsteningar april-mai-juni, og september. Matchshow antakeleg i juni. -Som i år legg me opp til sporkurs, då dette vart veldig bra. -Klyppekurs, kvardag og utstilling i april-mai. (Ønske om å leiga inn proffe instruktørar på klypping og handling.)

Neste møte 17. januar kl. 1900 hjå Anita.